

Utval: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtestad: Videorom 1, 4. etg., Fylkeshuset

Dato: 12.02.2014

Tidspunkt: 09:30-12:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ellinor Kreybu	LEDER	FRP
Tore Svane	MEDL	FFO
Kjersti Edvardsdal	MEDL	FFO
Harald Norheim	NESTL	SAFO

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Søvik	MEDL	FFO
Jostein Ljones	MEDL	SP

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Torunn Hole Olsnes	Jostein Ljones	SV

Merknader

Karl Peder Henriksen var innkalt som vara for Kjell Søvik, men vart forhindra frå å møte.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ingeborg	Rådgjevar
Borgen Takle	

Sakliste

Utvale-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 5/14	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 6/14	Godkjenning av møtebok forrige møte		

PS 7/14	Referatsak (Meldingar)	
RS 8/14	Referat frå RMNF-AU, 15.01.2014	2014/558
RS 9/14	Høyringsuttale til Trafikksikringsplanen frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558
RS 10/14	Høyringsuttale til Regional folkehelseplan frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558
RS 11/14	Uttale angåande BRA-midlar for 2015 frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558
RS 12/14	BRA-midlar for 2015 - Søknader frå Hordaland fylkeskommune	2014/558
RS 13/14	Reklamefinansiert kollektivtransport - sak til uttale	2014/1328
RS 14/14	Møteprotokoll - Fylkesrådet for funksjonshemmede i Troms	2014/558
PS 15/14	Godkjenning av møtebok 10.01.2014	2014/558
PS 16/14	Ymse	
PS 17/14	Budsjett for RMNF 2014	2014/558
PS 18/14	Temadag 2. april - førebuing	2014/558
PS 19/14	Invitasjon til Deltatransport, transportfaglig nettverk for universell utforming	2014/558
PS 20/14	SOR-konferanse: Selvbestemmesle - til besvær?	2014/558

PS 5/14 Godkjenning av møteinkalling

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 12.02.2014

Verken Ellinor Kreybu eller Torunn Hole Olsnes hadde fått sakspapira i posten. Rådet diskuterte om det var trøng for å få sakspapira tilsendt eller om ein berre kunne få ein link til dei på mail.

Det nye saks- og arkivsystemet, ephorte, vart teken i bruk i byrjinga av 2014. Det kan vere ein utmaning at alle sakane, både for rådet og for alle dei politiske utvala i fylkeskommunen, vert berre tilgjengeleg i pdf-format. IT-avdelinga skal sjekke om det er eit format som kan snakke med teknologien som vert brukt av synshemma eller om det ikkje er mogleg. Dei presiserte at dei var nøydd å halde seg til nasjonale regelverk, men ville følgje opp saka.

Torunn Hole Olsnes nemnte at e-phorte var lite brukarvenleg for synshemma som skulle bruke det i arbeidet på grunn av mangel på snarvegar.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å ikkje få sakspapira utsendt, men å lese dei på nettet.

Rådet tek informasjonen om ephorte til orientering.

Rådet vedtok å ta opp saka om ephorte som arbeidsverktøy for synshemma med Geir Davidsen, som har invitert seg sjølv med på eit møte med rådet.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å godkjenne møteinkallinga slik den føreligg.

PS 6/14 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 12.02.2014

Tore Svane tok opp to sakar frå førre møtet, uttale til budsjett og fokus på kultur. Når det gjeld kultur og dialog med kultursjefen vert den følgt opp fortlaufande, og det er berre uhell som har gjort at ho ikkje har kunna møte rådet.

Angåande budsjett er Svane uroa for at det ikkje er tilstrekkeleg midlar for å sikra universell utforming på eksisterande bygg i fylkeskommunen innan 2019. Han ønskjer større innsats inn mot langtidsbudsjettet for å sikre midlar.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å fortsette arbeidet med å få kultursjefen på eit rådsmøte for å fortsette dialogen.

Rådet vedtek og å be om ein orientering om budsjettet både i samband med ramane som vert vedteken i juni, samt forslaget til budsjett som vert lagt fram i oktober. Rådet vil og ha samtalar med dei ulike partia.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å godkjenne møteboka frå 27.11.2013.

PS 7/14 Referatsak (Meldingar)

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 12.02.2014

RS 12/14 BRA-midlar for 2015 – Søknader frå Hordaland og RS 14/14 Møteprotokoll – Fylkesrådet for funksjonshemmede i Troms vart ikkje funne i sakspapira. Administrasjonen vart bedt om å følgje dette opp.

RS 13/14 Reklamefinansiert kollektivtransport – sak til uttale: Ellinor sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek referatsaka til orientering. Vi ber om at det vert tatt omsyn til universell utforming, og er såleis skeptisk til frittståande modular, med tanke på synshemma og at dette kan hindre dei i kvardagen. Og med tanke på den informasjonen og reklamen som kjem på skjermar ønskjer rådet at ein tek omsyn til at dette ikkje er tilgjengeleg for synshemma, dersom det ikkje er lag til rette med lyd. Rådet ser fram imot å sjå dei endelige planane for korleis løysingane vert gjennomført.»

Røysting

Kreybu sitt forslag vart samrøysta vedteken.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne sendar følgjande uttale til samferdselsavdelinga:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek referatsaka til orientering. Vi ber om at det vert tatt omsyn til universell utforming, og er såleis skeptisk til frittståande modular, med tanke på synshemma og at desse kan hindre dei i kvardagen. Og med tanke på den informasjonen og reklamen som kjem på skjermar ønskjer rådet at ein tek omsyn til at dette ikkje er tilgjengeleg for synshemma, dersom det ikkje er lagt til rette med lyd. Rådet ser fram imot å sjå dei endelige planane for korleis løysingane vert gjennomført.

RS 8/14 Referat frå RMNF-AU, 15.01.2014

RS 9/14 Høyringsuttale til Trafikksikringsplanen frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RS 10/14 Høyringsuttale til Regional folkehelseplan frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RS 11/14 Uttale angåande BRA-midlar for 2015 frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RS 12/14 BRA-midlar for 2015 - Søknader frå Hordaland fylkeskommune

RS 13/14 Reklamefinansiert kollektivtransport - sak til uttale

RS 14/14 Møteprotokoll - Fylkesrådet for funksjonshemmede i Troms

PS 15/14 Godkjenning av møtebok 10.01.2014

Forslag til avgjerd

Møteboka frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 10. januar 2014 vert godkjent.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 12.02.2014

I samband med møtet 10.01.2014, sendte Tore Svane ut førespurnad til medlemsorganisasjonane i FFO om dei hadde nokre innspel til Bybanen AS og Bybanen Utvikling. To slike innspel har kome.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ønskjer å sende dei to innspela frå FFO vidare, frå rådet. Innspela vert sendt ut til rådsmedlemane til orientering med frist for tilbakemeldingar den 5. mars. Dersom rådet kan stå bak innspela vert dei vidaresendt frå rådet kort tid etter fristen.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å godkjenne møtebok frå 10.01.2014.

PS 16/14 Ymse

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 12.02.2014

Årsmelding 2013 for rådet: Årsmeldinga for 2013 skal leggjast fram som melding for fylkestinget i juni. Alle medlemmar sendar inn ein oversikt over dei arrangementa dei har delteke på, kva dei meiner om arrangementet og om dei anbefaler at rådet deltek på liknande arrangement. Denne oversikta vert sendt til arbeidsutvalet innan 5. mars. Arbeidsutvalet skriv eit utkast til årsmelding 2013 for året på møtet 11. mars.

Oversikt over større sakar til handsaming våren 2014: Fylkesutvalet har kvart halvår fått ein oversikt over kva større sakar som skal handsamast politisk det neste halvåret. Ein slik oversikt skal fylkesutvalet nå få til kvart møte. Dette er ein bra moglegheit for rådet til å fange opp aktuelle sakar i god tid før handsaming. Rådet vedtek å leggje ved saka som referatsak til kvart møte.

Møte med organisasjonsavdelinga 11.02.2014: Harald Norheim og Ingeborg Borgen Takle hadde eit møte med leiargruppa til organisasjonsavdelinga i fylkeskommunen. Møtet var eit svar på brevet rådet har sendt til alle avdelingane på huset. Leiargruppa består av Geir Davidsen, personaldirektør, Svein Åge Nottveit, IT-sjef, Janne Værnø, kommunikasjondirektør, Birte Markeseth Aasen, leiar for administrasjonsseksjonen, Ruth Brudvik, HMT-sjef. Dessverre var organisasjondirektøren Ingrid Hom Svendsen sjuk og kunne ikkje møte. Nordheim presiserte at rådet ikkje berre ønskjer å opptre som ein «vaktbikkje», men at det er viktig å ha ein god dialog slik at ein kjem tidleg inn i prosessane som det er viktig å kome med innspel til. Rådet ønskjer å gi ros til positive tiltak som er gjort og saknar informasjon om slike. Eit konkret innspel frå rådet var ein uro for at det nye saks- og arkivsystemet ikkje er lagt til rette for at synshemma kan lese ved hjelp av teknologi. Dette skulle Nottveit ta vidare. Geir Davidsen og Janne Værnø ønskja å delta på eit møte for å orientere heile rådet og for å sjå på moglegheiter for å promotere rådet. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne inviterer Davidsen og Værnø med på eit møte så snart det er mogleg.

TT-kort for varig funksjonshemma: Rådet ønskjer å sjå på regelverket som gjer at varige funksjonshemma må søkje kvart 4. år for å få TT-kort. Rådet vil be om ein orientering frå samferdselsavdelinga om regelverket, og vil ved trong sende ein førespurnad til fylkestinget om saka.

BRA-midlar – møte 10.02.2014: Ingeborg deltok i eit møte angåande BRA-midlane med Svein Grude, som er sakhandsamar, samt representantar frå Skyss og samferdselsavdelinga. Der vart det bestemt at Hordaland fylkeskommune skal konsentrere seg om søkeraden som i 2014 vart prioritert som nummer 2; Opprusting av 20 sentrale haldeplassar til universell utforming. Denne vert delt i to, med ein som er generell universell utforming og der den andre går særskilt på skilting.

Kollektivstrategi – høyringsutkast: Frist for høyringsutkast er 11. april. Medlemane i rådet vert bedt om å lese saka på hordaland.no, og kome med innspel til arbeidsutvalet seinast 5. mars. Arbeidsutvalet skrive ein uttale til kollektivstrategien på møtet deira 12.03.2014.

Grieghallen – rehabilitering: Rådet vedtek å be om ein orientering frå Grieghallen AS om rehabiliteringane som vert gjort i samband med universell utforming til neste møte.

Den Nationale Scene – oppsetjingar for hørselshemma: Kvart år vert det satt opp to førestillingar som er tilgjengelege for hørselshemma. DNS har banebrytande teknologi som legg til rette for at hørselshemma skal kunne ta del i opplevinga, og rådet meiner det er synd at det ikkje vert brukt meir. Særleg fordi det er mange som vil kunne ha nytte av teknologien. Generelt er rådet nøgd og imponert over den servicen menneske med nedsett funksjonsevne møter på DNS, og skulle derfor ønskje at også denne delen vart lagt til rette. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil be Den Nationale Scene om å kome for å orientere rådet om oppsetjingane som er lag til rette for hørselshemma.

Den Nationale Scene – oppsetjingar for hørselshemma: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil be Den Nationale Scene om å kome for å orientere rådet om oppsetjingane som er lag til rette for hørselshemma.

Fråfall frå vidaregåande skule – elevar med nedsett funksjonsevne: Ei rapport som visar til fråfall i vidaregåande skule, med fokus på elevar med nedsett funksjonsevne er gjort kjent for rådet. Finnvolld: [Levekår og sosial inkludering hos mennesker med fysiske funksjonsnedsettelser](#), NOVA-Rapport, 12-13. På bakgrunn av denne og andre rapporter vart Ellinor Kreybu og Harald Norheim oppringt av NRK for å kome med uttale. Dei valde til slutt å ta saka direkte med politikarane, men for rådet sin del er saka ikkje avslutta. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil be om ein orientering frå opplæringsavdelinga, med særleg fokus på kva dei gjer for å sikre at elevar med funksjonsnedsettingar ikkje droppar ut av skulen.

Vedtak

Årsmelding 2013 for rådet: Alle medlemmar sendar inn ein oversikt over dei arrangementa dei har delteke på, kva dei meiner om arrangementet og om dei anbefaler at rådet deltek på liknande arrangement. Denne oversikta vert sendt til arbeidsutvalet innan 5. mars. Arbeidsutvalet skriv eit utkast til årsmelding 2013 for året på møtet 11. mars.

Oversikt over større sakar til handsaming våren 2014: Rådet vedtek å leggje ved saka som referatsak til kvart møte.

Møte med organisasjonsavdelinga 11.02.2014: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne inviterer Davidsen og Værnø med på eit møte så snart det er mogleg.

TT-kort for varig funksjonshemma: Rådet vil be om ein orientering frå samferdselsavdelinga om regelverket, og vil ved trong sende ein førespurnad til fylkestinget om saka.

BRA-midlar – møte 10.02.2014: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek informasjonen til orientering.

Kollektivstrategi – høyringsutkast: Medlemane i rådet vert bedt om å lese saka på [hordaland.no](#), og kome med innspel til arbeidsutvalet seinast 5. mars. Arbeidsutvalet skrive ein uttale til kollektivstrategien på møtet deira 12.03.2014.

Grieghallen – rehabilitering: Rådet vedtek å be om ein orientering frå Grieghallen AS om rehabiliteringane som vert gjort i samband med universell utforming til neste møte.

Fråfall frå vidaregåande skule – elevar med nedsett funksjonsevne: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil be om ein orientering frå opplæringsavdelinga, med særleg fokus på kva dei gjer for å sikre at elevar med funksjonsnedsettingar ikkje droppar ut av skulen.

PS 17/14 Budsjett for RMNF 2014

Forslag til avgjerd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek budsjett for 2014 slik det føreligg.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 12.02.2014

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek budsjett for 2014 slik det føreligg.

PS 18/14 Temadag 2. april - førebuing

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråing.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 12.02.2014

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek at ein ønskjer ein del som fokuserar på tiltak der ein fysisk legg til rette for deltaking av menneske med nedsett funksjonsevne og ein del som fokuserar meir på det pedagogiske aspektet ved å ha kulturopplevingar for alle, ikkje fokus på tilbod som berre er for menneske med nedsett funksjonsevne. Administrasjonen skal kontakte aktuelle innleiarar, som:

- Bergen Døvesenter – musikalsk innslag
- Kulturskulen – korleis integrerer dei elevar i undervisninga? Best practices?
- Den kulturelle skulesekken
- DNS – fokus på teknologi for å legge til rette for oppsetjing for hørselshemma
- Byråden i Bergen
- Pedagogisk avdeling på høgskulen
- Psykologisk fakultet på universitetet
- HEMIL-senteret
- Kan ein lære noko frå idretten? Birgit Skarstein, Cato Zahl-Pedersen, Marcella Montserrat, Marco Elsaafadi.

Rådet vil sende ut invitasjon til dei teatera som er naturleg for å vere med som deltaker under arrangementet.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er uroa for om Scandic Neptun, som har fått ein førespurnad om å halde konferansen, er bra nok lagt til rette for målgruppa. Harald Norheim vil vitja hotellet for å sjå om det er bra nok lagt til rette.

PS 19/14 Invitasjon til Deltatransport, transportfaglig nettverk for universell utforming

Forslag til avgjerd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å delta i transportfagleg nettverk for universell utforming med desse representantane:

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 12.02.2014

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at transport er eit så viktig fylkeskommunalt ansvar at dette er eit nettverk rådet bør følgje opp. Rådet vedtek derfor sende Harald Norheim, samt to deltakarar til. Medlemmar som ønskjer å delta må sende inn ønske innan 19. februar.

PS 20/14 SOR-konferanse: Selvbestemmesle - til besvær?

Forslag til avgjerd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å delta på konferansen med desse representantane:

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 12.02.2014

Rådet diskuterte om kva konferansar ein skal delta på gjennom eit år. Når ein heile spekteret og får ein informasjon om alle gruppa rådet representerer? Medlemane i rådet vert bedt om å sende inn tips om konferansar som ein mottek. Desse vert lagt ved som melding på neste møtet, om påmeldingsfristen tillet det.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek at SOR-konferansen er viktig fordi den representerer ein gruppe som ikkje elles vert representert i rådet. Rådet merkar seg at prisen for å delta er mykje høgare enn på andre konferansar.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å sende to deltakarar på konferansen. Dei som ønskjer å delta må melde dette innan 5. mars.